

Mentor-verkstad Ung lærar (for lærar i grunnskulen)

Kva er ein mentor?

I *Ung lærar* er ein mentor ein rettleiar som støttar ungdomsskuleelevar gjennom eit to-dagars opplegg. På dag 1 har mentorane ansvar for å gi ungdomsskuleelevane innsikt i lærarutdanninga gjennom relasjonsbygging og pedagogisk arbeid. På dag 2 hjelper dei ungdommane med å planleggje og gjennomføre ein «draumetime» – ei undervisningsøkt dei sjølve har utforma.

Det er viktig å vere medviten om at mentorrolla først og fremst er ei rettleiarrolle. Diskuter gjerne kva mentorrolla inneber, og kva implikasjonar det har for korleis ein gjennomfører *Ung lærar*-opplegget.

Når *Ung lærar* er gjennomført med lærarstudentar er det behov for det me kallar ein «Mentor-verkstad». Dette behovet er ikkje like stort dersom *Ung lærar* skal gjennomførast med eigne lærarar. Men det er likevel lurt å setje av nok tid til å planlegge oppgåvene som mentor og setje seg inn i stasjonsarbeidet.

Kva er ein mentor-verkstad og kva innhald har den?

Eit mentor-verkstad er eit rettleiingsseminar for dei som skal vere mentorar i *Ung lærar*. Her får deltakarane innsikt i konseptet og planlegg aktivitetar, samt bevisstgjeringskring si eiga rolle som mentor.

Seminaret startar naturleg med ei innføring i *Ung lærar*-konseptet, måla og arbeidsmåtar. Deretter vert det arbeidd med planlegging av dag 1 – der ungdomsskuleelevane får ei innføring i læraryrket – og dag 2 – der ungdomsskuleelevane skal undervise ei gruppe yngre elevar.

Ung lærar tilbyr materiell til bruk i planlegginga, men det er rom for tilpassing og kreativitet. Det er viktig at mentorane får eigarskap til opplegget. Her følgjer ei punktvis oversikt over sentrale delar førebuinga må innehalde:

Introduksjon til Ung Lærar

På heimesida til [Ung lærar](#) kan ein laste ned presentasjonar og sjå filmar som forklarar prosjektet. Det er òg mogleg å lese om innhaldet på eiga hand.

Bli kjend-leikar

Relasjonelt arbeid står sentralt i *Ung lærar*. Deltakarane må bli trygge på kvarandre, og derfor kan ein vurdere og diskutere ulike bli kjend-aktivitetar.

1. Prøve og velje leikar til ungdomsskuleelevane.
2. Gjennomføre leikane med ungdomsskuleelevane på dag 1 som ein sosial og inspirerende start.
3. La ungdomsskuleelevane bruke leikane sjølve med dei yngre elevane på dag 2.

Arbeid med stasjonsundervisning

På dag 1 skal mentorane leie stasjonsarbeid med ungdomsskuleelevane. Ein sette seg inn i tema

og planleggje aktivitetar. Det er naudsynt med ein mentor per stasjon. Dersom ein har tid til det kan alle mentorane få innblikk i dei ulike stasjonsområda. Er det avgrensa med tid vil det være nyttig at ein får fordjupe seg i det temaet som ein skal ha ansvar for.

Dei 3 stasjonane i *Ung lærar* er:

- Uteskule
- Digitale verktøy
- Kreative fag

Desse områda skal vise breidda i lærarutdanninga og inspirere ungdomane til å planleggje sin eigen undervisning for dag 2. Det finst eigne manualar for kvar stasjon med forslag til aktivitetar, men det er òg ope for å bruka eigne idear.

Detaljplanlegging av dag 1 og 2

Sjølv om *Ung lærar* tilbyr ferdige program og manualar, må mentorane lage ein konkret plan for gjennomføringa. Kor lang tid skal kvar stasjon ta? Skal nokon følge elevane mellom stasjonane? Kor mange mentorar og elevar er det? Alt dette må avklarast.

Logistikk er viktig å ha kontroll på i *Ung lærar*. Tidleg i planlegginga må ein finne ut av kor mange lærarar, ungdomsskuleelevar og yngre elevar som vert involvert i prosjektet.

Det er viktig å lage ein detaljert logistikkplan som viser kva som skal skje, når, og kven som har ansvar for kva.

Her finn du det du treng for vidare planlegging

- PowerPoint «Mentorverkstad for lærarar i grunnskulen»
- Manualar for dei 3 stasjonsarbeida
- Bli kjent- leikar
- Forslag til program dag 1 og dag 2